



Barn og unge (0–20 år)

Samarbeidsavtale mellom (...) kommune og Vestland tannhelseteneste



Vestland
fylkeskommune

INNHOLD

1.0 Generelt om samarbeidsavtalar	3
2.0 Samarbeidsavtale med (... kommune)	3
2.1 Føremål med avtalen.....	3
2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar	3
2.3 Målgruppe	3
2.4 Forankring	3
3.0 Partane sitt ansvar og plikter	4
3.1 Vestland tannhelseteneste	4
3.2 (...) kommune	5
4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet.....	6
5.0 Avtalesignering	7
6.0 Avtaletilpassing	8
7.0 Vedlegg	9
1. Munnundersøkelse: Helsestasjon bør foreta munnundersøkelse på barn	10
2. Kriterier for henvisning fra helsestasjon til tannhelsejenesten (Helsedir.)	11
3. Skjema for tilvising frå helsestasjon/skulehelseteneste til tannhelsetenesta	12
4. Forslag til plan for opplæring	13
5. Kvalitetsindikatorar.....	14
6. Personvern	15

(revidert oktober 2023)

1.0 Generelt om samarbeidsavtalar

Samarbeidsavtalar med kommunane i Vestland skal sikre at Vestland tannhelseteneste kan gje eit regelmessig og oppsökande tilbod til barn og unge (0-20 år), personar med psykisk utviklingshemming over 18 år, langtidssjuke i institusjon og heimesjukepleie, personar med ruslidningar, personar i fengsel og flyktingar, asylsøkarar og familiesameinte busett i statlege mottak. Tannhelsetilbodet skal vere oppsökande og regelbunden og førebyggande tiltak skal prioriterast før behandling.

Vestland tannhelsetenesta har ei eiga [nettseite for samarbeidspartane](#) til tannhelsetenesta der kommunar og andre finn meir informasjon.

2.0 Samarbeidsavtale med (... kommune)

2.1 Føremål med avtalen

Samarbeidsavtalen skal sikre at barn og unge (0-20 år) får tilpassa og gode tann- og munnhelsetenester, uavhengig av bustad, diagnose og sosial bakgrunn. Det er eit mål å spreie opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv kan gjere for å fremje eiga tannhelse.

2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar

Tannhelsetenesta skal årleg vurdere det faglege innhaldet i samarbeidsavtalen. Ved endringar i avtaleteksten, skal tannhelsetenesta informere kommunane. For å gjere det førebyggande arbeidet kunnskapsbasert, skal vi bruke kvalitetsindikatorar i samarbeidet (vedlegg).

2.3 Målgruppe

Målgruppe for avtalen er barn og unge 0-20 år.

2.4 Forankring

Samarbeidsavtalen og innhaldet i avtalen er forankra i «[*Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år*](#)»

(Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 31. mars 2022, lest 16. oktober 2023). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-0-20-ar>).

3.0 Partane sitt ansvar og plikter

(...) kommune og Vestland tannhelseteneste skal samarbeide for å kunne gje pasientar i målgruppa eit heilskapleg og samordna tenestetilbod (jf. helse- og omsorgstenestelova og tannhelsetenestelova).

3.1 Vestland tannhelseteneste

1. Tannhelsetenesta skal delta i faste samarbeidsmøte med helsestasjonane ein gong i året. Tannhelsetenesta er ansvarleg for møteinkalling og referat.
2. Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette på helsestasjonen fagleg støtte, oppdatering og rettleiing.
3. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan/tema for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte (vedlegg).
4. Barn og ungdom som har behov for konsultasjon/oppfølging av helsesjukepleiar eller lege, må bli tilvist helsestasjon.
5. Tannhelsetenesta skal sende tilbakemelding (epikrise) til helsestasjonane på tilviste pasientar når barnet er undersøkt og ferdigbehandla.
6. Tannhelsetenesta har ansvar for å presentere relevant tannhelsestatistikk.

3.2 (...) kommune

1. Aktuelle personar frå helsestasjonane skal delta i dei faste samarbeidsmøta som tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune kallar inn til.
2. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte (vedlegg).
3. For barn 0-3 år vert barnet sin rett til tannbehandling ivaretatt ved samarbeid mellom den offentlege tannhelsetenesta og helsestasjonane.
4. Helsestasjonstenesta skal utføre munnundersøking på konsultasjonar ved 6 veker, 6 månader, 1 og 2 år (vedlegg).
5. Motivering til og opplæring i kosthald og tannpuss bør vere ein sentral del av undersøkinga ved alle konsultasjonar. Lege eller helsesjukepleiar kan gjere munnundersøkingar i tråd med prosedyre fastsett i retningsliner for helsestasjonstenesta.
6. Barn og unge som har behov for konsultasjon hos tannpleiar eller tannlege, blir tilvist til tannhelsetenesta etter kriterium tilrådd av helsedirektoratet (vedlegg).
7. Helsestasjon/skulehelsetenesta skal i hensesamtalar på 1. og 8. trinn i grunnskulen ha fokus på eleven si tannhelse.

4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Barnet/ungdomen sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom kommunen og Vestland fylkeskommune skal sikre at barnet/ungdomen (føresette) får god informasjon, samtykker til behandlinga, og at dei blir tatt med på avgjersler som har noko å seie for eiga helse.
- Samarbeidet skal sikre at barnet/ungdomen kan oppretthalde ei god oral helse. Dette inneber at barnet/ungdomen
 - ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
 - har tilfredsstillande tyggefunksjon
 - kan kommunisere og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast munn- og tannhelsa (jf. [god klinisk praksis i tannhelsetenesta](#))
- I møte med barn og unge skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Vi prioriterer førebyggande tiltak før behandling og det er eit mål at den enkelte, i størst mogleg grad, skal vere i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Samhandlinga mellom Vestland fylkeskommune og kommunen er prega av ønske om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet til målgruppa.
- Samarbeidet er forankra i toppleiringa i Vestland fylkeskommune og kommunen. Alle som jobbar med målgruppa for avtalen er kjend med den.
- Vestland fylkeskommune og kommunen arbeider kunnskapsbasert og har fokus på å identifisere positive og negative faktorar som påverkar tannhelsa.
- Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sikrar at vi når alle som treng tannhelsetenester.
- Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.
- Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune bør delta i arbeidet med individuelle planar/pleieplanar der dette er aktuelt.

5.0 Avtalesignering

Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eitt år om gongen med mindre anna er meldt frå om skriftleg. Avtalen gjeld fram til ny avtale blir utarbeidd og tatt i bruk.

(...) kommune

Vestland fylkeskommune –
tannhelsetenesta

dato	underskrift, representant frå helsetasjon/skulehelseteneste	underskrift, representant frå tannhelsetenesta
------	--	---

6.0 Avtaletilpassing

Noter her om det er nødvendig med endringar eller tilpassingar i avtalen (dato og signatur frå begge partar):

7.0 Vedlegg

- 1. Rutinar for samarbeid om munnundersøking i helsestasjon 0-3 år**
- 2. Kriterium for tilvising fra helsestasjon til tannhelsetenesta**
- 3. Skjema for tilvising fra helsestasjon til tannhelsetenesta**
- 4. Forslag til plan for opplæring**
- 5. Kvalitetsindikatorar**
- 6. Personvern**

1. Munnundersøkelse: Helsestasjon bør foreta munnundersøkelse på barn

Overskrift er lenke til:

Munnundersøking og tannhelseinformasjon for barn 0 – 3 år, henta frå «[Tannhelsetenester til barn og unge 0 – 20 år](#)».

Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 31. mars 2022, lest 16. oktober 2023). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-020-ar>

(elektronisk utgåve ligg på nettsidene til [Vestland tannhelseteneste](#))

2. Kriterier for henvisning fra helsestasjon til tannhelsetjenesten (Helsedirektoratet)

Overskrift er lenke til:

Tilvisningskriterier for helsestasjon til tannhelsetenesta, henta frå
[Tannhelsetenester til barn og unge 0 – 20 år](#)

Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 31. mars 2022, lest 16. oktober 2023). Tilgjengelig fra
<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-020-ar>

(elektronisk utgåve ligg på nettsidene til [Vestland tannhelseteneste](#))

3. Skjema for tilvising fra helsestasjon/skulehelseteneste til tannhelsetenesta

Overskrift er lenke til:

Forslag til skjema for tilvising fra helsestasjon til tannhelsetenesta, henta frå «[Tannhelsetenester til barn og unge 0 – 20 år](#)».

Helsedirektoratet (2018). Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0–20 år [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 31. mars 2022, lest 16. oktober 2023). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tannhelsetjenester-til-barn-og-unge-020-ar> (elektronisk utgåve ligg på nettsidene til [Vestland tannhelseteneste](#))

4. Forslag til plan for opplæring

På Vestland tannhelseteneste sine nettsider ligg forslag til kva ein plan for opplæring mellom tannhelsepersonell og tilsette på helsestasjon kan innehalde av fagleg informasjon og oppdatering. Planen skal tilpassast etter kva behov tilsette på helsestasjon og tilsette på tannklinikkane har.

(elektronisk utgåve ligg på nettsidene til [Vestland tannhelseteneste](#))



5. Kvalitetsindikatorar

For å kunne følge med på utviklinga i samarbeidet, er det føremålstenleg å etablere eit system med relevante måleindikatorar.

Kvalitetsindikatorar som blir tatt med i evaluering av samarbeidet mellom Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune og kommunen, er:

Kvalitetsindikatorar:	2023	2024	2025	2026	2027
1. Tal meldingar til barnevern frå tannhelsetenesta					
2. Andel barn utan karieserfaring	<ul style="list-style-type: none">• 3-åringar				
	<ul style="list-style-type: none">• 5-åringar				
	<ul style="list-style-type: none">• 12-åringar				
	<ul style="list-style-type: none">• 15-åringar				
	<ul style="list-style-type: none">• 18-åringar				

6. Personvern

Vestland fylkeskommune samlar inn personopplysningar som er nødvendige for å utføre våre lovpålagte tenester. Dei innsamla data om deg er trygge hos oss. Har du spørsmål om vår behandling av dine personopplysningar, kan du ta kontakt på tlf.: 05557 eller på [personvernombodet si nettside](#).

